



Justis- og beredskapsdepartementet

Brannstudien - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik, Sogndal og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 28.2.2014 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at brann og beredskap skal vera ei kommunal teneste. Beredskapen må vera utforma slik at ein tek vare på kravet til nærleik og lokalkunnskap mellom brannvesen og andre naudetatar og frivillige. Det er viktig å kunne samhandla og utnytta ressursane best mogleg på tvers av etatar og organisasjonar. Som brannstudien også viser til fungerer dei kommunale brann- og redningstenestene bra. Det er derfor viktig at ei omorganisering ikkje fører til ei svekking av den lokale beredskapen.

Studien gir ein grundig analyse av arbeidsoppgåvene og organiseringa i brann- og redningstenesta. Det vert føreslått til dels store organisatoriske endringar i tenesta. Vår vurdering er at fylkesmodellen vil gje for stor avstand frå leiinga til dei som skal gjera jobben ved dei lokale brannstasjonane. Regionalisering vil gje distanse til kommunane som eigarar og kan gje utfordringar i høve formelle styringsprosessar. Dette talar for å sjå organiseringa av brann- og redningstenesta som del av arbeidet med kommunereforma.

For å kunne gjennomføra analyser og sikre læring vert det i studien peika på at befolkningsgrunnlag/ areal må vera stort nok til å gje hendingar av eit gitt tal. Men det blir ikkje fleire hendingar for brannmannskapet som gjer jobben lokalt om ein får større einingar. God læring må altså sikrast gjennom eit nasjonalt system for erfaringsoverføring og inngå i øvingsopplegg lokalt.

Vi meiner at brann og redning bør sjåast i samanheng med framtidig organisering av politi og ambulanseteneste. Viktig ambisjon må vera å oppnå sterkare samvirke og integrasjon av beredskapstenestene.

Organiseringa av branntenesta må ta større omsyn til geografi, reiseavstandar og tal tettstader enn brannstudien legg til grunn. Desse omsyna må vega tyngre enn ønske om like einingar og einskapleg organisering. Mange lokale funksjonar vil tapa på ei organisering der masse ressursar går tapt i reisetid.

Det vert elles vist til fråsegner frå kommunane og frå Sogn brann og redning IKS.

Med helsing

Harald Offerdal
leiar i Sogn regionråd
(sign)